


PARKERING

Sjå kartet under for lokalisering av parkeringsplassar.



VINJESENTERET

25.-28. september 2025
LITTERATURDAGANE



IMPULSAR

Edvard Hoem / Ine Hoem / Mímir Kristjánsson /
Carline Tromp / Kai Eide / Øyunn Groven Myhren /
Anna Marie With / SYMRE / Svanhild Amdal Telnes /
Gunnar Garfors / Inga Undheim / Karl Ove Knausgård /
Helge Kaasin / Arild Torvund Olsen / Sandra Lillebø /
Stein Arnold Hevrøy / Ruth Lillegraven / Leander Dønne /
Aasmund Nordstoga / Anne Gravir Klykken /



Kjøp billetter på nynorsk.no

Kjøp billetter på nynorsk.no

BLI MED PÅ LITTERATURDAGANE!

Litteraturdagane i Vinje vert arrangert for 24. gong, og tema for årets festival er «impulsar».

Impulsar kan vera ein plutselig tanke, eller det me blir inspirert av eller påverka av, til dømes naturen, eller hendingar og tendensar andre stader i verda. Programmet utforskar på ulikt vis korleis desse impulsane kjem til uttrykk i litteraturen, og kva dei kan fortelje oss, frå det spontane og personlege, til det globale.

Frå 25. til 28. september kan du møte forfattarar av både skjønnlitteratur og sakprosa i inspirerende samtalar og innholdsrike føredrag. Du får tradisjonsrike programpostar som Vesaas-føredraget, samtale med vinnaren av Tarjei Vesaas' debutantpris og ikkje minst utdeling av Storegut-prisen.

Mellom programpostane kan du ta deg ein matbit frå Bjaaland bygderestaurant eller forfriskingar frå Vinje bryggeri i kjellaren på Vinjar.

I museumsbutikken på Vinjesenteret kan du kjøpe bøker skrivne av festivalforfattarane. Her finn du også eit stort utval av nynorsklitteratur, og ikkje minst bøker om og av Vinjeforfattarane; Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas.

Som gjest på festivalen har du gratis inngang til museumsutstillinga heile helga. Du kan også vere med å brodere den 12 meter lange forteljinga om Storegut, og få omvising i Vinjestoga.

Velkomen!

VIL DU VERE FRIVILLIG?



Frivillige har kvart år gjort ein stor innsats for Litteraturdagane i Vinje. Festivalen er heilt avhengig av den gode hjelpa frå lokale krefter.

Kvart år er om lag førti personar med på å gjere Litteraturdagane til ei god oppleving for både utøvarar og publikum. Me ynskjer at du som frivillig får gode opplevingar i godt fellesskap. Dei som er frivillige får fribilletter til arrangement.

Ta kontakt med oss på Vinjesenteret på vinjesenteret@nynorsk.no eller 70 04 75 70 om du er interessert i å vere frivillig.



Foto: André Nesheim, Nynorsk kultursentrum



Festivalmat: BJAALAND BYGDERESTAURANT

Thomas og Hellene flytta heim til Morgedal i 2016 og starta restauranten Bjaaland bygderestaurant. Dei lagar mat frå botn av og brukar lokale råvarer der dei kan for å spegle det mangfaldige fjellandskapet i Vest-Telemark. Under Litteraturdagane lagar dei eigen meny med lokalt preg, og her har dei også pub med brygg frå eige bryggeri – Vinje Bryggeri.

Fredag: kl. 11.00–23.30*

Laurdag: kl. 11.00–16.00

*Matservering til kl. 21.00 på fredag.



Foto: Nynorsk kultursentrum

PROGRAM

Endringar i tidspunkt og stad kan førekome.
Oppdatert informasjon finn du på nynorsk.no

TORS DAG 25. SEPTEMBER

18.00

OFFISIELL FESTIVALOPNING *Vinjar*

18.20

UTAN IMPULSKONTROLL?

I boka *Pabbi* skriv Mímír Kristjánsson om sin far, alkoholismen hans, men også om sin eigen alkoholbruk i ei slekt som «har vore fulle sidan Egil Skallagrimsons tid». Kristjánsson vert intervjuet av Eirik Bø.
Vinjar

19.10

PÅ LIV OG DØD

Klimaendringar er ikkje lenger ein dystopisk framtidssisjon. Journalist og globetrotter Gunnar Garfors har reist langs ekvator og polarsirkane, og snakka med menneska som kjenner endringane på kroppen. Resultatet er boka *Mellom linjene – på liv og død langs ekvator og polarsirkane*. Møt Garfors i samtale med Anne Natvig.
Vinjar

FREDAG 26. SEPTEMBER

DAG

12.00

IMPULSAR FRÅ KRISTIANIA

Føredrag om Aasmund Olavsson Vinje ved Inga Undheim.
Vinjar

13.00

EVENTYRLEGE INSPIRASJONAR

Forfatter Leander Dønne kjem i haust ut med romanen *Alt et*. Møt han i samtale med Hilde Vesaas.
Vinjar

14.15

PÅVERKNADER

Kva har Halldis Moren Vesaas hatt å seia for norsk litteratur? Kan me tenkje oss kva som strøymde gjennom henne, busett i ei lita bygd, open for impulsar frå verda? Møt Sandra Lillebø i samtale med Svanhild Amdal Telnes. Føler dei litterært slektskap med Moren Vesaas? Samtale-leiaren er Eirik Bø.
Vinjar

15.00

MØRKE IMPULSAR

Carline Tromp fortel om framveksten av ekstreme politiske rørsler på høgre-sida, og korleis dei brukar internett til å formidle polariserte og kontroversielle budskap.
Vinjar

FREDAG 26. SEPTEMBER

KVELD

18.00

SPENNING, SVIK OG SORG

Ruth Lillegraven har skrive dikt, romanar, dramatikk, og bøker for barn og unge. I samtale med Erlend Kaasa snakkar ho om thriller-trilogien *Alt er mitt* (2018), *Av mitt blod* (2021) og *Mitt neste liv* som kjem ut sumaren 2025.

Vinjar

19.00

NATURMYSTIKK OG NASJONALROMANTIKK

I boka *Snø og granskog* viser Helge Kaasin korleis norsk svartmetall kan knyttast til tradisjonell norsk naturmystikk og nasjonalromantikk. Korleis relaterer dette til den tilsvarande tendensen i folkekulturen, folkemusikken og diktinga, til dømes frå Vest-Telemark? Møt Helge Kaasin i samtale Øyonn Groven Myhren. Samtaleleiar er Inga H. Undheim.

Vinjar

20.15

VINJE, VESAAS OG VINYL

Eit populær-musikalsk foredrag om nynorske songskattar ved forskar og forfattar Arild Torvund Olsen.

Vinjar

21.15

PULSERANDE KONSERT: SYMRE

SYMRE er ein låtskrivar og gitarist frå Morgedal. Tekstane er på dialekt, og får ofte tilbakemeldinga «finurleg», med humor som eit viktig verkemiddel. Musikken er leiken, og hentar element frå jazz, folk, pop og rock.

Bandmedlemer:

Jon Espelid (trommer og kor)
Torjus Gravir Klykken (bass og kor)
Åsmund Skjeldal Waage (vibrafon og synt)
Tobias Rønnevig (perkusion og kor)
Vinjar

LAURDAG 27. SEPTEMBER

DAG

10.00

FAMILIEPROGRAM MED RUTH LILLEGRAVEN

Ruth Lillegraven les frå *Mari* og *Magnus*-bøkene. Høver best for deg som går i barnehagen!

Biblioteket på Vinjesenteret

12.00

KVIFOR SNAKKE MED KATTEN?

Diktet «Katten» av Olav H. Hauge står i ein større samanheng i både verdslyrikken og den nynorske litteraturhistoria. Diktaren Kjartan Hatløy har teke opp denne tråden og har stilt spørsmålet «Kva er varast?». Og han svara med det same: «Ikkje katten, men eg». I dette foredraget reflekterer Stein Arnold Hevrøy over ein nynorsk dikttradisjon.

Biblioteket på Vinjesenteret

13.00

OPPLESING

Opplesing ved skodespelarane Jon Wereide Hope og Adanne Lin-Ji Ezimoha Sætereie frå Den mangfaldige scena. Regi: Liv Hege Skagestad

Vinjar

13.15

DEBUTANTPRISVINNAR 2025

Anna With fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for diktsamlinga *Eplet. Nesten*. Møt ho i samtale med Hilde Vesaas.

Vinjar

14.15

VESAAS-FØREDRAGET

Forfattar Karl Ove Knausgård held det tradisjonsrike Vesaas-foredraget.

Vinjar

15.00

OLAV VESAAS LES TEKSTAR AV TARJEI VESAAS*Vinjar*

LAURDAG 27. SEPTEMBER

KVELD

18.00

UTDELING AV STOREGUTPRISEN

Storegutprisen er ein årleg pris som vert delt ut under Litteraturdagane.

Edland samfunnshus

18.30

OPPLESING

Opplesing ved skodespelarane Jon Wereide Hope og Adanne Lin-Ji Ezimoha Sætereie frå Den mangfaldige scena. Regi: Liv Hege Skagestad

Edland samfunnshus

18.45

KAN DIALOGEN VEKKJAST TIL LIVE?

Kai Eide har lang erfaring som diplomat, og har mellom anna arbeidd med konflikter på Balkan, i Israel, Afghanistan og Libya. Med utfordringane verda står overfor, når det gjeld krig, konflikt og klima, er han svært bekymra for at den diplomatiske dialogen er død, og spør om han kan vekkjast til live igjen.

*Edland samfunnshus***PAUSE MED KLING OG GOME**

20.00

KONSERT MED INE HOEM, EDVARD HOEM OG ANDREAS ULVO

Hausten 2021 sleppte Ine Hoem albumet «Alt vi har kjær», som er eit musikalsk samarbeid med faren hennar, Edvard Hoem. Ine Hoem har skrive dei fleste melodiane, og Edvard Hoem står for tekstane. Med seg til Edland har dei pianisten Andreas Ulvo.

*Edland samfunnshus***UNNGÅ BILLETTKØ!**

Kjøp billetter og festivalpass på førehand på nynorsk.no

SUNDAG 28. SEPTEMBER

09.30

KYRKJEKAFFI

Sundagen startar med ein enkel frukost på Vinje kyrkjekontor, nabobygget til Vinjesenteret.

Lars Bjaadal fortel historia om då Nynorsk salmebok, ved kongeleg resolusjon 18. desember 1925, vart godkjent for bruk i gudstenester.

Vinje kyrkjekontor

11.00

FESTIVALGUDSTENESTE

Gudsteneste med markering av hundreårs-jubileet for Nynorsk salmebok (1925). Gudstenesta fylgjer liturgien frå 1925. Aasmund Nordstoga og Anne Gravir Klykken syng nynorske salmar.

*Vinje kyrkje***VINJESTOGA**

Under Litteraturdagane har Anne T. Romtveit omvising i Vinjestoga
Laurdag 27.09 kl. 11.00.

DESSE MØTER DU

25.–28. september



Foto: Agnete Brun

**MIMIR
KRISTJANSSON**

25. september kl. 18.20



Foto: Ole Børset

**SYMRE TAUGBØL
BANG**

26. september kl. 21.15



Foto: Hedda Rysstad

**ANNA MARIE
WITH**

26. september kl. 21.15




Foto: Privat

**OLAV
VESAAS**

27. september kl. 15.00



Foto: Marthe Haarstad / Manifest

**CARLINE
TROMP**

26. september kl. 15.00



Foto: Agnete Brun

**RUTH
LILLEGRAVEN**

26. september kl. 18.00
27. september kl. 10.00



Foto: Jørgen Nordby

**INE OG EDVARD
HOEM**

27. september kl. 20.00



Foto: Kjartan Helleve

**ARILD TORVUND
OLSEN**

26. september kl. 20.15




Foto: Kim Erlandsen

**HELGE
KAASIN**

26. september kl. 19.00



Foto: Bård Hendriksen

**LEANDER
DJØNNE**

26. september kl. 13.00



Foto: Privat

**KAI
EIDE**

27. september kl. 18.45




Foto: Sølve Sundsbø / D2

**KARL OVE
KNAUSGÅRD**

27. september kl. 14.15



Foto: Julie Pike

**SVANHILD
AMDAL TELNES**

26. september kl. 14.15



Foto: Adrian Segnen

**INGA H.
UNDHEIM**

26. september kl. 12.00



Foto: Gudrun Kristine Semons

**AASMUND
NORDSTOGA**

28. september kl. 11.00



Foto: Garfors.com

**GUNNAR
GARFORS**

25. september kl. 19.10

Kjøp billetter på nynorsk.no



Foto: Privat

JON WEREIDE

27. september kl. 13.00
27. september kl. 18.30



Foto: Privat

ADANNE LIN-JI E. SÆTEREIE

27. september kl. 13.00
27. september kl. 18.30



Foto: Morten Bjerk

ANNE GRAVIR KLYKKEN

28. september kl. 11.00



Foto: Maria Fet / Nynorsk kultursentrum

STEIN AROLD HEVRØY

27. september kl. 12.00



Foto: Helge Skodvin

SANDRA LILLEBØ

26. september kl. 14.15



ØYONN GROVEN MYHREN

26. september kl. 19.00

PRAKTISK INFORMASJON

Butikk

I museumsbutikken kan du kjøpe bøker fra forfatterne som er representert på årets festival. Her finn du også andre suvenirar og bøker om og av våre fire store forfattarar; Aasmund Olavsson Vinje, Aslaug Vaa, Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas.

Billettsal

Du kan kjøpe billetter til festivalen på nynorsk.no, ebillett.no eller i resepsjonen på Vinjesenteret.

Kjøp billetter på nynorsk.no

Opningstider på Vinjesenteret haust 2025

Tysdag-fredag: 12–15
Laurdag: 12–17
Sundag og måndag: stengt

Tilkomst

Det er stor parkeringsplass rett ved inngangen. Det er ein liten planert grusveg frå parkeringa og til inngangen. Inngangen er lyssett og terskelfri. Det er om lag 300 meter å gå frå Vinjesenteret til Vinjestoga på asfalt, grusveg og sti. Sjølv om Vinjestoga er diverre ikkje tilrettelagt for rullestolbruk. E134 er ganske trafikkert og sykkeltilhøva er ikkje særleg gode, men det er mogleg å parkere sykklar ved Vinjesenteret.

Overnattingar i nærleiken

Groven Camping – Om lag 13 km frå Vinjesenteret.

Haukeli Hotell – Omlag 26 km frå Vinjesenteret

Vågsliedtun hotell – 39 km frå Vinjesenteret langs E134 mot Haukelifjell

Rauland Vandreheim Akademiet – Omlag 31 km frå Vinjesenteret

Kollektiv

Det er mogleg å reise til Vinjesenteret med kollektivtrafikk. Haukeliekspressen frå Oslo til Haugesund via Drammen, Notodden og Vinje går forbi Vinjesenteret. Haldeplassen heiter Vinjar, og det er om lag 50 meter å gå til senteret derifrå. Også lokalbussen mellom Haukeli og Åmot stansar på Vinjar.

Me oppmodar publikum til samkøyring!

Publikumskontakt under Litteraturdagane er fungerande vertskaps- og programansvarleg Ea Kristine Bakken.
Tlf: 46 70 60 73

VINJEREVLA



Vinjevle – forteljinga om Storegut med nål og tråd!

Under Litteraturdagane kan du vere med å brodere ei 12,5 meter lang revle basert på diktsyklusen Storegut (1866) av Aasmund Olavsson Vinje. Ordet «revle» kjem av norrønt, «refill», og tyder ein lang smal strimmel av tøy. Vinjevle finn du i etasjen under Vinjesenteret. Prosjektet er eit samarbeid med Vinje handverkslag, som stiller med dyktige frivillige som rettleier deg i broderinga.

Under Litteraturdagane er Vinjevle ope for publikum:
Fredag 27.09 kl. 11.00–14.00
Laurdag 28.09 kl. 11.00–14.00